



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

SIVA - Selskapet for industrivekst SF  
Postboks 1253 Torgarden  
7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/52-22

17. desember 2021

### **Statsbudsjettet 2022 - Orienteringsbrev til Siva om midlar til administrasjon og gjennomføring av regionale oppdrag**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vil med dette brevet orientere om utbetaling av midlar til administrasjon og gjennomføring av fylkeskommunale oppdrag over kap. 553, post 61 "Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling".

Som ein del av regionreforma fekk fylkeskommunane i 2020 oppdragsgjevaransvaret for mobiliserende og kvalifiserende næringspolitiske verkemidlar forvalta av Innovasjon Noreg og Siva. Målet med verkemidla er å medverke til å mobilisere og utvikle eit verdiskapande næringsliv i distrikt og regionar. Fylkeskommunane har ansvaret for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke ut frå regionale behov og prioriteringar. Innovasjon Noreg og Siva skal forvalte midlane i tråd med gjeldande programplanar.

Departementet tildeler i 2022 fylkeskommunane til saman 717,171 millionar kroner over kap. 553, post 61. Løyvinga inkluderer midlar til administrasjon og gjennomføring for den fovaltninga Innovasjon Noreg og Siva gjer av ordningane.

For Siva vil departementet overføre dei samla midlane til administrasjon og gjennomføring direkte til Siva på vegne av fylkeskommunane. For 2022 utgjer dette 16,318 millionar kroner. Beløpet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane, Siva og departementet. Vederlag for særskilte oppdrag i enkeltfylke(r) knytt til programma som forprosjekt, pilotprosjekt eller liknande, må Siva avklare med den einskilde fylkeskommune.

Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunane om dette. Eventuell overstigande

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Regionalpolitisk  
avdeling

Saksbehandlar  
Anne-Merete  
Halpern  
22 24 72 66

ressursbruk til føremålet, skal Siva avklare med fylkeskommunane, og ekstra midlar kan leggjast til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnader. Dersom Siva har ubrukne midlar til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, blir dette overført til neste års oppdrag.

Siva skal i årsrapporten rapportere årleg på dei faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnadene, og kva tildelte midlar til administrasjon og gjennomføring er brukt til.

Departementet vil utbetale midlane til Siva på vegne av fylkeskommunane i to omgangar, i januar og august.

Fylkeskommunane har ansvaret for styringsdialogen med Innovasjon Noreg og Siva for dei fylkeskommunale oppdraga. Departementet vil delta i dei nasjonale styringsmøta som fylkeskommunane som kollegium vil ha med Siva, og kan også, ved behov, delta i regionale styringsmøte mellom enkeltfylke og Siva.

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva for 2022 og retningslinjene som er utarbeidd for post 61, sjå vedlegg 1. Rapporteringskalender for 2022 er lagt ved oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Med helsing

Anne Karin Hamre (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Anne-Merete Halpern  
utgreiingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Vedlegg 1: Retningslinjer for kap. 553, post 61 over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett

Kopi

Agder fylkeskommune  
Innlandet fylkeskommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Nordland fylkeskommune  
Nærings- og fiskeridepartementet

Oslo kommune  
Riksrevisjonen  
Rogaland fylkeskommune  
Troms og Finnmark fylkeskommune  
Trøndelag fylkeskommune  
Vestfold og Telemark fylkeskommune  
Vestland fylkeskommune  
Viken fylkeskommune